



**RADØY KOMMUNE**  
**Austebygd skule og barnehage,**  
e-post: [austebygd.skule@radoy.kommune.no](mailto:austebygd.skule@radoy.kommune.no)

## Referat frå forledremøte Austebygd skule torsdag 19. september.

### 1. Saker frå FAU (foreldrearbeidsutvalet):

- Marit Ystebø orienterte om rekneskapen og las årsmeldinga.

-FAU for skuleåret 19/20, har konstituert seg slik:

leiar: Therese Mjøs-Bendiksen

nestleiar: Karoline Brandsæter

skrivar: Laila Blomvågnes

kasserar: Marit Ystebø

### 2. Felles ansvar for trygge og gode barnehage- og skulemiljø.

Rektor informerte om arbeidet med IBS (inkluderande barnehage- og skulemiljø).

#### **Slik jobbar skulen:**

- Fokus på å bygga gode felleskap og opplevingar
- Handlingsplan for å sikra eit trygt og godt skulemiljø, forebygging, avdekking og handtering av mobbing
- God kontakt og dialog med heimen

### **Du som forelder er viktig for å legge til rette for vennskap mellom barn og unge!**

- Før ein inkluderande bursdagspolitikk
- Bli kjend med dei andre foreldra
- Felles arrangement for klassen og foreldra
- Samarbeide i foreldregruppa om grenser og oppførsel
- Bli kjend med barna i klassen og nærmiljøet
- Vær gode førebilete: snakk på ein skikkeleg måte om skulen og dei andre elevane
- Følg med og vis interesse for det som føregår- også på nett!

### **SJÅ kva som skjer**

- Sjå om nokon går aleine.
- Sjå om nokon er utanfor i leik.
- Legg merkje til endring i ditt barn si åtferd, lytt til det barn fortel eller formidlar på andre måtar.

### **Vis interesse, spør om kva som skjer**

har barnet ditt /dei andre barna det bra?

Har du/vennene dine hatt det fint på nettet i dag?

om du fikk velje, kven ville du valt som «leiar» i vennegjengen og kvifor?

## Kva gjer du om du opplever at ditt eller andre sine barn ikkje har det greit?

### Snakk om det som skjer

Du kan kontakte skule og barnehage eller med di bekymring. Du skal bli høyrd.

Snakk med andre foreldre, deler dei di bekymring?

Snakk med leiar for fritidsaktiviteter om korleis borna har det der.

### Handtering av hending.

I situasjonen – gje beskjed om å stoppe («om du hadde sagt det / gjort det mot meg, så ville eg ikkje likt det, STOPP med det»)

Etter situasjonen: Informer foreldra til dei involverte. Vurder å informere skulen.

Om du mistenker mobbing: Snakk med andre foreldre, kontaktlærer, leiar for fritidsaktivitet. Del din mistanke og fortell kva du ser, høyrer og opplever.

Unngå konfrontasjon(»kjeft») med barn eller foreldre, det løyser sjeldan noko.

Vurder å kontakte skule og barnehage.

*Vigdís Villanger*  
rektor

Austebygd skule, 27.09.19